



## Møteprotokoll

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre  
**Møtested:** Loen, HOTEL ALEXANDRA  
**Dato:** 08.03.2023  
**Tidspunkt:** 10:00 - 14:00

**Følgende faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Marianne Bugge	Medlem	LUSTER
Per-Gunnar Sveen	Medlem	IFK
Edel Kveen	Leder	SKJÅK

**Følgende medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Jo Trygve Lyngved	Nestleder	SKJALM
Rolv Enersvold	Medlem	LOM
Sonja Øvre-Flo	Medlem	VLFK

**Følgende varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Birgit Bilstad	Jo Trygve Lyngved	SKJALM
Mark Taylor	Sonja Øvre-Flo	VLFK

**Merknader:**

Andre deltagarar:  
Øyvind Angard, SNO Breheimen  
Liv Byrkjeland, SNO Breheimen

**Øvrige frammøtte:**

Navn
Stein Magne Grevrusten, forvaltar Breheimen
Trygve Snøtun, forvaltar Breheimen

**Underskrift:**

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 3/23	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 4/23	Breheimen NP - Ny behandling av utsett sak frå juni 2022 (saksnr. 2019/8570-18) - Opprusting av solsidevegen Heimsetra-Grotåe i Lundadalen - Ola Moen		2019/8570
ST 5/23	Breheimen nasjonalpark - Glittervatnet - Oppføring av ny Glitterbue - Ny søknad - Skjåk allmenning		2022/10149
ST 6/23	Sak - Breheimen nasjonalpark - Gravdalsnosi - Oppsetting av basestasjon for radiomerking av beitedyr - Fortun beitelag		2023/2011
ST 7/23	Breheimen nasjonalparkstyre – 2023 – Prioritering av tiltaksmidlar og andre driftsmidlar		2022/11260
ST 8/23	Delegerte vedtak		
DS 1/23	Delegert vedtak - Honnsrøve NAT - 2022 - Dispensasjon - Motorferdsel i samband med fjerning av kadaver - Prosjektet "Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmark" v/Kari Hänsnar		2022/12267
DS 2/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - Transport av ved, proviant og båt - Ola Ytre		2022/8634
DS 3/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - utplassering av garnkasse og båt i Søverdalens - Lars Kurt Haugen		2023/21
DS 4/23	Delegert vedtak - Høyrokampen NR - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - snødekt mark - transport til Bøvertjønnen gbnr 155/1/113 - Odd Repp		2022/11326
DS 5/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - Sota sæter - Holåbreen - Lundadalen - Kjell Lundemo		2022/10247
DS 6/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - 2026 - motorbåt - Lundadalsvatnet - Odd Arve Rakstad		2022/12282
DS 7/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2023-2026 - Transport av salt med snøskuter - Gregor Ingar Gjerdet		2023/1504

DS 8/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - fjerning av kadaver - Kari Hånsnar	2022/12267
DS 9/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - Motorisert transport for rydding av materialar langs Måråe - Sebb AS v/ Trond Jøingsli.	2022/11716
DS 10/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Utpllassering av kasse med turbok - Skjåk Turlag v/ Jarleif Ellingbø	2022/11697
DS 11/23	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2023 - Transport østre Leirvatnet - Simon Eiesar og Åse Storbråten	2023/1031
ST 9/23	Eventuelt	

## **ST 3/23 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023**

#### **Behandling**

#### **Vedtak**

Møteinkalling godkjent. Marianne Bugge og Per-Gunnar Sveen godkjenner protokollen saman med styreleiar.

## **ST 4/23 Breheimen NP - Ny behandling av utsett sak frå juni 2022 (saksnr. 2019/8570-18) - Opprusting av solsidevegen Heimsetra-Grotåe i Lundadalen - Ola Moen 2019/8570**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023**

Nytt forslag frå  
Edel Kveen

*I styremøte den 8. mars 2023 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å godkjenne søknaden om oppføring av bru/klopp over Grotåe og Dalåe i Lundadalen. Løyvet til bygging av bru/klopp er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.3 c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Løyvet til transport med helikopter og snøskuter er*

*gjort med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.*

*Søkjar har gjort fleire positive tiltak for å endre og forbetre den opphavelege søknaden, og vert godkjent med følgande vilkår:*

- *Bru og klopp vert godkjent etter dei måla og plasseringane som er vist i siste søknaden. I tillegg blir det gjeve løyve til 10 meter gjerde på kvar side, vestover som fangarmar for driving av dyr.*
- *Det blir gjeve løyve til manuell rydding av busk og kjerr på nederste platået mot bru ved Grotåe, området skal lokaliserast og ryddast i samråd med nasjonalparkforvaltar.*
- *Søkjar/tiltakshavar skal stå som eigar av bru/klopp og er ansvarleg for opprydding og vedlikehald.*
- *Stigen skal ikkje merkast meir enn den er i dag (skilta som vinterrute DNT). På bestemte plassar, som blir peika på av forvaltningen, skal det setjast opp skilt som ledar folk som eventuelt brukar den nye traseen tilbake til DNT-stigen.*
- *Dersom det viser seg at ferdselen blir negativ for dei sårbare områda kan tiltakshavar bli pålagt å gjere tiltak for å betre dette.*
- *Løyvet er gyldig fram til 31.12.2025.*

*I samband med motorferdsel blir det gjeve følgande løyve:*

- *Frakt av materialar/utstyr med inntil 4 turar med helikopter. Transporten med helikopter skal skje innanfor tidsrommet 1. august og fram til villreinjakta startar, alternativt i tidsrommet frå villreinjakta er slutt og fram til 1. desember. Transportane kan ikkje gjennomførast på laurdagar eller sundagar.*
- *Frakt av materialar/utstyr med inntil 8 turar med snøskuter. Transporten med snøskuter skal skje innanfor tidsrommet 2. januar – 1. februar i 2024 eller 2025. Transporten skal skje ved bruk av leiekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.*
- *Transportane skal skje på ein slik måte at dyreliv og brukare av området ikkje blir unødig forstyrra av transportane.*
- *Statens naturoppsyn Breheimen v/ Øyvind Angard (tlf. 917 33 365) skal ha beskjed før bruk av snøskuter eller flyging blir gjennomført.*
- *Det skal førast køyrebok over når transportane blir gjennomført. Nasjonalparkstyret skal ha tilsendt køyrebok innan 1. desember kvart år i perioden 2023, 2024 og 2025.*

*Vi gjer oppmerksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune, fylkeskommune, grunneigar eller andre.*

*Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage*

*er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.*

## Behandling

Styreleiar Edel Kveen kom med forslag til nytt vedtak i saka. Etter ein diskusjon kom styret fram til at styret kunne si ja til styreleiar sitt nye forslag, og endeleg ordlyd i saka vart avgjort på eit nytt møte på Teams den 10. mars 2023.

### **Nasjonalparkstyret sin vurdering i samband med omgjering av forvaltar si innstilling:**

Bakgrunnen for saka er at beitebrukarane i Lundadalen meiner at eksisterande stig på austsida av Skjøli er ei utfordring når beitedyr skal innover Lundadalen. I søknadene er det poengert at strekninga mellom dei to bruene er utfordrande med tanke på at det er bratt ned i ei strid elv og at det på nokre plassar er smalt og steinete. Det er i fyrste søknaden halde fram at det er areal med beiteverdiar mellom Dalåe og Grotåe som vil bli tilgjengeleg dersom det kan byggjast to nye bruer her. Beitebrukarane har tidlegare også fått ei uttale frå landbrukskontoret i Lom og Skjåk som bekreftar søker sine tankar rundt dette. I denne omgangen har søker også fått uttale/støtte for prosjektet frå Magne Håvard Forberg, Skjåk sau og geit og Bruksrettslaget til Skjåk Almenning. Dei tre uttalane støtter søkeren i denne saka og peikar på utfordringane i dette området.

Saksframleggget drøfter om naturmiljø og dyre- og planteliv bli påverka negativt gjennom menneskeleg ferdsel. I deler av året kan ferdsel i og utanfor stiger/løyper føre til uheldige forstyrningar for eksempelvis sårbare fuglar. I dette området ligg det sårbare plassar for fugl som krev ekstra omtanke, og forstyrring vil vere ekstra uheldig i perioden for rusing og når artene har små ungar. I sårbarheitsvurdering frå 2018, gjennomført av Kistefos Skogtjenester AS, er det skreve at lokalitetane er robuste pr. nå, men vurderinga peikar også på at det er viktig å unngå nye anlegg/merking av nye stigar, eller tilrettelegging for auka ferdsel innover i dette tronge dalføret. I vurdering av auka ferdsel i sårbart område er det vel å merke seg at vinterruta til DNT har vore merka med skilt på denne sida i mange år. Sårbar fuglear er å finne på begge sider av Skjøle, ny bru er plassert relativt langt ned, og vil ikkje forstyrre meir enn eksisterande råk og dyretrakk på begge sider. Det skal heller ikkje gjerast andre tilretteleggingar, merking, skilting eller liknande som gjer at folk skal bruke denne nye traseen.

For naturmangfaldet i området er beitedyr viktig for fleire planteartar, og ikkje minst for å hindre attgroing. Biologisk mangfold og eigenart er eit av verneformåla. Utfordring med attgroing ser ein av tiltaksplanen for Breheimen nasjonalpark der mange av tiltaka er skjøtsel av vegetasjon. Lundadalen har tradisjonelt vore brukt til beiteområde både av storfe og småfe, dette har påverka det biologiske mangfaldet i generasjonar. Det er nødvendig å gjera tiltak for å betre dyretrakket innover, uansett alternativ vil det bli nødvendig med tiltak i form av steinsetting eller bru. Erfaringsmessig vil det bli behov for motorisert ferdsel for både tiltaka. Både tiltaka vil vera inngrep i naturen. Etter ny søknad på bru vil dette tiltaket bli lite synleg og vera det beste tiltaket for beitenæringa som er viktig for det biologiske mangfaldet i Lundadalen.

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget i saka (§ 8) og dei nye vurderingane ovanfor meiner nasjonalparkstyret at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer styret at det er forsvarleg å tillate oppføring av ny bru og klopp i dette området, utan at dette vil påverke verneverdiane eller

verneformålet nemneverdig. Nasjonalparkstyret meiner også at dette ikkje vil medføre at den samla belastninga vil bli større enn i dag, fordi det allereie er ein del fersel i området (§ 10). Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, meiner ein at dei beste metodane er nytta med bakgrunn i at ein har gått vekk frå motorisert fersel på barmark. I tillegg meiner styret at oppsetting av bru/klopp vil bli ei betre løysning på sikt enn tilrettelegging av den eksisterande DNT-stigen (§§ 11-12).

## Vedtak

I styremøte den 8. mars 2023 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å godkjenne søknaden om oppføring av bru/klopp over Grotåe og Dalåe i Lundadalen. Løyvet til bygging av bru/klopp er gjort med heimel i § 3 pkt. 1.3 c i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Løyvet til transport med helikopter og snøskuter er gjort med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav f i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Søkjar har gjort fleire positive tiltak for å endre og forbetre den opphavelige søknaden, og vert godkjent med følgande vilkår:

- Bru og klopp vert godkjent etter dei måla og plasseringane som er vist i siste søknaden. I tillegg blir det gjeve løyve til 10 meter gjerde på kvar side, vestover som fangarmar for driving av dyr.
- Det blir gjeve løyve til manuell rydding av busk og kjerr på nederste platået mot bru ved Grotåe, området skal lokaliserast og ryddast i samråd med nasjonalparkforvaltar.
- Søkjar/tiltakshavar skal stå som eigar av bru/klopp og er ansvarleg for opprydding og vedlikehald.
- Stigen skal ikkje merkast meir enn den er i dag (skilta som vinterrute DNT). På bestemte plassar, som blir peika på av forvaltinga, skal det setjast opp skilt som ledar folk som eventuelt brukar den nye traseen tilbake til DNT-stigen.
- Dersom det viser seg at ferdselet blir negativ for dei sårbare områda kan tiltakshavar bli pålagt å gjere tiltak for å betre dette.
- Løyvet er gyldig fram til 31.12.2025.

I samband med motorferdsel blir det gjeve følgande løyve:

- Frakt av materialar/utstyr med inntil 4 turar med helikopter. Transporten med helikopter skal skje innanfor tidsrommet 1. august og fram til villreinjakta startar, alternativt i tidsrommet frå villreinjakta er slutt og fram til 1. desember. Transportane kan ikkje gjennomførast på laurdagar eller sundagar.
- Frakt av materialar/utstyr med inntil 8 turar med snøskuter. Transporten med snøskuter skal skje innanfor tidsrommet 2. januar – 1. februar i 2024 eller 2025. Transporten skal skje ved bruk av leiekøyrar som er godkjent av Skjåk kommune.
- Transportane skal skje på ein slik måte at dyreliv og brukare av området ikkje blir unødig forstyrra av transportane.
- Statens naturoppsyn Breheimen v/ Øyvind Angard (tlf. 917 33 365) skal ha beskjed før bruk av snøskuter eller flyging blir gjennomført.
- Det skal førast køyrerekord over når transportane blir gjennomført. Nasjonalparkstyret skal ha tilsendt køyrerekord innan 1. desember kvart år i perioden 2023, 2024 og 2025.

Vi gjer oppmerksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune, fylkeskommune, grunneigar eller andre.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

## **ST 5/23 Breheimen nasjonalpark - Glittervatnet - Oppføring av ny Glitterbue - Ny søknad - Skjåk allmenning 2022/10149**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023**

#### **Behandling**

I innstillinga vart det i kulepunkt 7 utegløymt eit moment som vart teke opp og kommentert av Marianne Bugge. I innstillinga skulle det stå følgande (det som var utegløymt er understreka): Av omsyn til villrein skal Glitterbu vere stengt for bruk i perioden 1.april – 15. juni. Dersom det er villrein i området ved Glittervatnet i perioda 1. februar - 1. april skal Skjåk Almenning stenge hytta på kort varsel. Dette gjeld ikkje bruk i samband med forvaltingsoppgåver.

#### **Vedtak**

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Skjåk allmenning løyve til å rive eksisterande Glitterbu og oppføre ny Glitterbu etter innsendte teikningar datert 17.01.2023, jf. verneforskrift for Breheimen § 3, pkt. 1.3 h).

Ny hytte/bu kan flyttast nærmere Glittervatnet for meir samlokalisering av bygningar i området.

Vilkår for vedtaket:

- Ny Glitterbu skal byggast etter innsendte teikningar datert 17.01.2023.
- Ny Glitterbu kan oppførast nærmere eksisterande bygningar ved Glittervatnet, nøyaktig plassering skal skje i samråd med nasjonalparkforvaltar.
- Om ny Glitterbu blir flytta, kan det byggast utedo/skåle på 2 m<sup>2</sup> i nærleiken. Nøyaktig plassering skal skje i samråd med nasjonalparkforvaltar.
- Bruk ufalsa bord, gjerne i varierande breidde, men ikkje villmarkspanel.
- Vindauge skal ha sprosser.
- Det skal brukast kledning og tak i materialar, og med fargar som går mest mogleg i eitt med terrenget, gjerne materialar som gjev ein mørk og matt fargeverknad der det høver. Torv, tre og stein/skifer er mest aktuelle materialar til takkledning. I enkelte tilfelle kan bølgjeblekk med nøytral farge som i liten grad reflekter i sola vere aktuelt, også gamal rusta bølgjeblekk.

- Av omsyn til villrein skal Glitterbu vere stengt for bruk i perioden 1.april – 15. juni. Dersom det er villrein i området ved Glittervatnet i perioda 1. februar - 1. april skal Skjåk Almenning stenge hytta på kort varsel. Dette gjeld ikkje bruk i samband med forvaltingsoppgåver.
- Eventuell bruk av motorisert ferdsel i samband med riving/bygging må søkast om i eigen søknad.
- Dagens Glitterbu må fjernast innan eitt år etter at ny er ferdigstilt.
- Ved riving skal all materiale fraktast ut av nasjonalparken, med unntak av det som kan nyttast i ny hytte/bu. Det skal ikkje gravast ned eller brennast ute.
- Etter byggeslutt skal søkar i samråd med nasjonalparkforvaltar vurdere om det er naudsynt med revegetering kring ny og gamal tomt.
- Løyve gjeld fram til om med 2025.

Breheimen nasjonalparkstyre gjer løyve etter Forskrift om verneplan for Breheimen. Hugs at det er anna relevant lovverk som skal godkjenne tiltaket, mellom anna plan- og bygningsloven.

## **ST 6/23 Sak - Breheimen nasjonalpark - Gravdalsnosi - Oppsetting av basestasjon for radiomerking av beitedyr - Fortun beitelag 2023/2011**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023**

#### **Behandling**

Forvaltar orienterte om saka. Det har også kome inn ein liknande søknad om oppføring av basestasjon på Hamrsdalsnosi. Forvaltar har fått fullmakt frå nasjonalparkstyret til delegert handsaming av søknad om basestasjon på Hamrsdalsnosi.

#### **Vedtak**

Breheimen nasjonalparkstyre gjev Fortun beitelag løyve til å sette opp basestasjon for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Breheimen nasjonalopark. Det kan setjast opp ein basestasjon på Gravdalsnosi kring 1500 moh. på den avmerkte staden på kartet i vedtaket som ligg innanfor Breheimen nasjonalpark. Basestasjonen skal plasserast innan for ein radius på 100 meter ut frå punktet på kartet, der tiltakshavar skal finne best mogleg plassering med omsyn til minimal silhuettverknad og god mobildekning.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 punkt 1.3 k). Fortun beitelag får løyve til motorisert ferdsel i samband med montering av basestasjon. Løyvet gjeld 2 turar med helikopter og to turar med snøskuter. Løyvet til motorisert ferdsel er gjeve med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 punkt 6.3 b).

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Basestasjonen kan festast i fjellet med 12 mm bolt til søylefot til mast, samt inntil 4 boltar på 8 mm i diameter til barduner.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området og turisthytta på Nørstedalseter, og nedanfor høgste toppen for å gjera stasjonen mindre ruvande i landskapet.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonen ut av området straks den ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonen skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.
- I forkant av oppsetting skal forvaltar kontaktast for å avklare nøyaktig plassering av mast. Om høve vil forvaltar vere med på oppsetting.
- Løyve til utplassering av basestasjonen gjeld fram til 30.07.2024.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Tiltaket må i tillegg hente inn naudsynte avtalar med grunneigar i området, og avklare med Luster kommune om tiltaket er søknadspliktig.

## **ST 7/23 Breheimen nasjonalparkstyre – 2023 – Prioritering av tiltaksmidlar og andre driftsmidlar 2022/11260**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023**

#### **Behandling**

Forvaltar orienterte om saka.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret godkjenner sekretariatets forslag til fordeling av tildelte midlar i tiltaksplanen (sjå tiltaksplan i vedlegget). Sekretariatet får fullmakt til å arbeide vidare med tiltakslista i 2023 slik som den er presentert i styremøtet den 8. mars 2023.

Sekretariatet kan søkje om tilleggsmidlar dersom dette blir nødvendig i løpet av året. Ein eventuell søknad om tilleggsmidlar blir gjort i samråd med styreleiar.

## **ST 8/23 Delegerete vedtak /**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023**

#### **Behandling**

#### **Vedtak**

Styret tek dei delegerte sakene til orientering.

## **ST 9/23 Eventuelt /**

### **Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 08.03.2023**

#### **Behandling**

Forvaltar orienterte om framgangen med opprettning av rådgjevande utval og besøksstrategien. Det har vore krevjande å få attendemelding på navn til utvalet frå dei aktuelle laga og organisasjonane. Det ser ut til at dette går betre nå og i skrivande stund er det berre 3 aktørar som manglar.